

Høgt upp med aasen

Tone: I rosenlund under sagas hall

1) Høgt upp med aasen ved Haukelid
Dar budde Lars med si kona
Ein mann med dugleik so kaat aa fri
So søt han var um aa braana
Aa um seg var han da var greitt
Med byrsa aa med taska
Men arme ting dar feilte eitt
Han var for tung med flaska

2) Ein son dei fekk seg no ganske strakst
Aa dette gledde dei beggje
Han vart ei hyggja aa vaks so raskt
Vart sterk baa i laar aa leggje
Men kalt dar var på Haukelid
Aa snjoen tung aa raaka
Men litle Tore han gjekk paa ski
Han vyrdea 'kje um aa maaka

3) Men stritt det vart for han Tore no
Aa lei han var innimylla
Si far aa mor han ikkje forstod
Kun trivast leva i fylla
I slike heimar bu aa bo
Er vonlaust til aa evla
Forgifta kvar ein drope blo
Kvart bein aa kjøtetrevla

4) Fraa heimen fara so tenkte Tor
Er best men kva skal eg gjera
Da er no far min da er ho mor
Kor saart aa vondt det kan være
Exemplar tru aa maningsord
Med hjartesukk aa bøner
Det skal velsignast Gud er stor
Aa kjær som alting løner

5) Naar far aa mori dei tok ein sup
Dei aag ville gjeva han Tore
Daa fort paa døri han laupte ut
Han ville 'kje smaka sore
Han tenkte, aa han lenger saag
Han saag kva ska da gjore
Han merkje saag paa far sin aag
Han saag kor andre fore

6) Han saag korleis faren bleikna aag
han va 'kje den gamle ruggjen
Tør aa berleg kvar einaste taag
Aa mori vart same skuggjen
Kvell aa morgon aa naar dei fraus
Men helst naar dei var sjuk
Dei drakk og supad sutelaus
Dei friskast aa vart mjuke

7) Kun tøv aa faakunna er alt slikt
Eg vil ikkje helsa tyna
Eg vil 'kje heller gløyma mi plikt
Slikt vil eg 'kje slegti syna
Eg ville at kvar far aa mor
I alle heim i verdi,
Slutta med drykk aa slarveord
Daa vart det gildt paa færði